

Ref. KMh-19.d. 2001

Melding KMh

**MELAND KOMMUNE**  
**SAKSPAPIR**

MELAND KOMMUNE  
Kommunale tekniske tenester/  
planlegging og natur

8 JUNI 2001

Jnr. ....  
Ark. .... Saksh. JHB

Saksid. ....

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Komite for kommunalteknikk - miljø og landbruk	08.05.01	JHB	037/01
Kommunestyret	30.05.01	JHB	051/01

Avgjerd av: Kommunestyret	Ansv. JHB	Arkiv: 565.2	Arkivsaknr 2001000890
Saksbeh.: Jens H. Bjordal		Objekt:	

**OVERTAKING AV PRIVAT VEG TIL SKJELANGER FORT.**

**Dokumentliste:**

Nr	T	Dok.dat	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	21.03.01	Forsvarets Bygningstjeneste	OVERTAKING AV FORSVARETS VEG PÅ SKJELANGER.

**Saksutgreiing:**

Forsvarets bygningstjeneste, Region Sør- og Vestlandet, har i brev dagsett 21.03.01 tilbode kommunen å overta Forsvaret sin tilkomstveg frå fylkesvegen og fram til porten til Skjelanger Fort medrekna snuplass. Overdraginga skal vera vederlagsfri.

Omsøkt veg er omlag 600 m lang og med ei breidde på omlag 4 m. I tillegg kjem snuplass. Veggen har i dag fast dekke. Vegtilstanden er av middels kvalitet, dvs. omlag av same standard som dei kommunale vegane i kommunen.

I tillegg til bruk for tilkomstveg til Fortet, er og veggen tilkomstveg for 2 gardsbruk, 3 bustader/hytter, 9 private naust, samt til marinaområde med hamn og båtplassar. Deler av veggen grensar mot fellesareal i sjøen. Mot sjøen er det og fine naturområde som veggen er tilkomstveg for.

Dersom Fortet vert nedlagt, kan det vera aktuelt at store deler av Fortet sin eigendom vert offentlege friområde.

Dersom kommunal overtaking kan ein rekne med ein årleg driftskostnad på mellom kr 10-15.000,-.

**Vurdering:**

Veggen har brukarinteresser for mange, både faste oppsitjarar, for vanleg ferdsel og for mogelege framtidig bruk av friområde.

Veggen tilfredstillar difor krava om offentleg veg.

Den tekniske stand av vegen kunne sjølvsagt vore noko betre, men er av vanleg kommunal standard for tilsvarande trafikkerte vegar som kommunen har ansvaret for. Dersom Forsvaret legg ned sin aktivitet på Fortet, vil det kanskje vera naturleg at kommunen overtek ansvaret for den felles tilkomsten til dette området. Den årlege kostnaden på mellom kr 10-15.000,- må i tilfelle kommunal overtaking gje ei auke i driftsbudsjettet for kommunalt vegvedlikehald med ein tilsvarande sum.

**ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kommunestyret er positiv til at kommunen overtek omsøkt vegparsell. Kommunestyret meiner likevel at kommunen bør vente til å ta endeleg stode til overtakinga inntil framtidig bruk av Forsvaret sine anlegg på Skjelanger er nærare avklåra.

08.05.2001 KOMITE FOR KOMMUNALTEKNIKK - MILJØ OG LANDBRUK

**KML-037/01 FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kommunestyret er positiv til at kommunen overtek omsøkt vegparsell. Kommunestyret meiner likevel at kommunen bør vente til å ta endeleg stode til overtakinga inntil framtidig bruk av Forsvaret sine anlegg på Skjelanger er nærare avklåra.

30.05.2001 KOMMUNESTYRET

**KS-051/01 SAMRØYSTES VEDTAK:**

"Kommunestyret er positiv til at kommunen overtek omsøkt vegparsell. Kommunestyret meiner likevel at kommunen bør vente til å ta endeleg stode til overtakinga inntil framtidig bruk av Forsvaret sine anlegg på Skjelanger er nærare avklåra."

**Rett utskrift**

**Dato:** 8/6-01.

*Kari Hjertås Støpe*

**Kopi til:**

Forsvarets Bygningstjeneste  
Komite for kommunalteknikk - miljø og landbruk  
Kommunalavd. for tekniske tenester  
Nordhordland Revisjonsdistrikt  
Økonomikontoret